



PROTOKOLL

TELEFONSTYREMØTE

4. JUNI 2014

(5/14)

Det blei halde telefonstyremøte i Fiskarlaget Vest onsdag 4. juni 2014, kl. 1000.

Følgjande deltok:

Kåre Heggebø, leiar
Mons Eivind Troland, nestleiar
Helge Olav Vikshåland
Daniel Stenevik
Jarle Glesnes
Frank Midtbø
Knut Arne Torget
Finn Magnus Alvestad

Kontrollnemnda: Jakob Magnar Jakobsen, leiar

Administrasjonen: Dagleg leiar Britt Sæle Instebø

- - - - -

Følgjande saksliste blei lagt fram for styret:

SAK 50/14 FORSLAG TIL REGULERING AV FISKE AV 5000 TONN MAKRELL I NORD-NORGE
I 2014 – HØYRING.

SAK 51/14 STRUKTURKVOTEORDNING FOR KYSTFLÅTEN UNDER 11 M HEIMELSENGDE
– HØYRING.

SAK 52/14 ENDRING AV LOVANE TIL AUSTEVOLL FISKARLAG – SØKNAD OM
GODKJENNING.

SAK 53/14 ORIENTERINGSSAKER.

- - - - -

**SAK 50/14 FORSLAG TIL REGULERING AV FISKE AV 5000 TONN MAKRELL I NORD-NORGE
I 2014 – HØYRING.****VEDTAK:**

«Viser til brev av 08.05.14 frå Norges Fiskarlag samt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sitt høyringsnotat av 06.05.2014 om saka.

I «Forskrift om regulering av fisket etter makrell i 2014», J-259-13, blei det avsett 5.000 tonn makrell for fiske i Nord-Norge.

Norges Fiskarlag stilte allereie 20.12.13 spørsmål ved avsetjinga av kvote til fiske i Nord-Norge, og presiserte at det strid mot det generelle prinsippet om at ein kan fiske kvoten sin innafor heile området som reguleringsforskrifta gjeld for.

Følgjande blei uttalt i pressemeldinga frå NFD 09.01.14:

«Formålet med å legge til rette for makrellfiske i Nord-Norge, er å håndtere de negative konsekvensene makrellens utbredelse har for økosystemet i nordlige farvann.

Avsetningen vil ikke få konsekvenser for den etablerte fordelingen mellom flåtegruppene.

I nær fremtid vil detaljer for ordningen bli tatt opp i en skriftlig høring, der aktørene vil bli invitert til å komme med sine innspill og kommentarer.»

Ein forutset at makrellen treng mat om den er i sør eller nord, og den kan dermed ikkje sjå at det kan vere noko argument i saka.

Fiskarlaget Vest uttalte m.a. følgjande i sak 03/14, 14.01.14, vedkomande avsetjinga:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar sterkt avstand frå at ein skal innføre distriktskvotar/regionalisering.»

NFD foreslår i høyringsnotatet følgjande fordeling av avsetjinga, som skal fiskast innafor territorialgrensa nord for fylkesgrensa mellom Nord-Trøndelag og Nordland;

Ringnot 3.875 t, fordelt på 79 ringnotkonsesjonar (pr. 31.12.13) blir det inntil 49 t pr. båt.

SUK 322 t, fordelt på 17 fartøy blir det inntil 18,9 t pr. fartøy.

I ringnotgruppa blei avsetjinga fordelt på konsesjonar, og det kan opplystast at det er 20 makrelltillatelsar i SUK-gruppa, og om ein deler på 20 blir det 16,1 t pr. tillatelse.

Trål 200 t, fordelt på 23 makrelltillatelser blir det 8,7 t pr. tillatelse.

Kyst 925 t, som NFD har tenkt fordelt mellom 37 fartøy der kvart fartøy kan fiske 25 t, fordelt ved loddtrekning. Både open og lukka gruppe kan delta.

I høyningsnotatet står det m.a når det gjeld kvantumet i open gruppe.:

«Den åpne gruppen gjelder for hele landet, men kvoten i åpen gruppe synes å være for liten til at noen finner det lønnsomt å satse på makrellfiske i nord innenfor eksisterende ordning.»

Styret i Fiskarlaget Vest stiller spørsmål ved kvifor ein i Nord-Norge ikkje skulle finne det lønsamt å delta på ein kvote på 5 t, når ein elles i landet har måttu godta denne kvoten i open gruppe i mange år?

Styret i Fiskarlaget Vest vil òg peike på at sidan open gruppe kan delta innafor andelen til kystgruppa, er fordelinga ikkje i samsvar med Norges Fiskarlag sitt Landsmøtevedtak 6/07, som tidlegare har vore fulgt.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til at fiskeflåten heile tida må drive mest mogeleg lønsamt, for å kunne ivareta sine økonomiske forpliktingar.

Ei styring av kvar fisken skal fiskast, slik NFD i år har gjort innan makrellfiske, finn ein heilt uakseptabelt.

Om NFD har som hensikt at det skal bli fiska meir makrell i Nord-Norge må ein legge til rette, for at aktørane skal finne det økonomisk forsvarleg å fiske der, ved å fjerne reguleringsmessige hindringar som fjordliner.

I tillegg må kjøparane i nord vere villige til å betale for råstoffet, på lik line som lengre sør.

Styret i Fiskarlaget Vest ser fara ved å dele ut distriktskvotar i nord i makrellfisket i høve at det vil kunne danne presedens for framtida avdi fartøy, som gjerne tidlegare ikkje har drive makrellfiske, rustar seg opp til å drive eit slikt fiske.

Styret i Fiskarlaget Vest vil på det sterkaste, med bakgrunn i bedriftsøkonomiske omsyn og det generelle prinsippet om at ein kan fiske kvoten sin innafor heile området som reguleringsforskrifta gjeld for, anbefale NFD å fordele totalkvoten pr. deltakaradgang i samsvar med Norges Fiskarlag sitt Landsmøtevedtak 6/07 slik ein har gjort tidlegare år.

Styret i Fiskarlaget Vest ser denne avsetjinga av distriktskvote som eit stort feilgrep frå fiskeristyresmaktene si side, og ein forutset, om ordninga mot formoding skulle bli innført, at ho KUN gjeld dette året.

Ein vil òg peike på at om ordninga blir innført må ein snarast få avklara kven som kan delta, spesielt i kystgruppa, da fisket i nord allereie er starta.»

**SAK 51/14 STRUKTURKVOTEORDNING FOR KYSTFLÅTEN UNDER 11/13 M
HEIMELSLENGDE – HØYRING.**

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest krev at fylkesbindinga i torskefisket nord for 62°N blir oppheva før ein vurderer struktur i gruppa med heimelslengde under 11/13 m.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det er eit svært tynt høyringsdokument som ligg føre i saka, spesielt når det er ei så omfattande sak, som å innføre struktur i ei gruppe, som ikkje har hatt tilbodet før.

Styret meiner dermed at det må utarbeidast eit meir nyansert høyringsdokument, spesielt i høve fiskeria i sør, som så å seie ikkje var nemnd i høyringsdokumentet. Ein må òg sjå på kva konsekvensar struktur vil føre til i høve fiskerimiljøa og påverknad på anna næring langs kysten, m.a. mottaksstrukturen (vanskelegare å få levert for dei minste ved få mottak) og servicebedrifter (verksted/bøteri/leverandørar).

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig å få belyst desse verknadene gjennom ei konsekvensutgreiing når ein i framtida skal ta stilling til struktur i denne gruppa.

Ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka.»

**SAK 52/14 ENDRING AV LOVANE TIL AUSTEVOLL FISKARLAG – SØKNAD OM
GODKJENNING.**

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest godkjenner Austevoll Fiskarlag sin søknad om godkjenning av endring i lovene.»

SAK 53/14 ORIENTERINGSSAKER.

- Temasamling kystsone, kystsoneplan for Sunnhordland, 13.06.14, Stord.
Sammy Olsen, som har deltatt på dei andre samlingane om saka, deltar for Fiskarlaget Vest.
- Ungdomsfiskeordning.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar ovannemnde saker til orientering.»

Møtet var slutt kl. 1125.

Kåre Heggebø
Leiar

Mons Eivind Troland

Knut Arne Torget

Helge Olav Vikshåland

Daniel Stenevik

Jarle Glesnes

Finn Magnus Alvestad

Frank Midtbø

Britt Sæle Instebø,
sekretær